



## **Språkspalta: Skåra mål på norsk**

Spelet fotball kjem frå England, og dei engelske orda for spelet er kjende over heile verda. Nokre norske ord har likevel blitt vanlege på norske fotballbanar: **mål** for **goal**, **målvakt** for **keeper**, **straffespark** for **penalty kick**, **frispark** for **free kick** og **hjørnespark** for **corner**.

### **Eit norsk fotballspråk**

Enkelte fotballord uttalar me som det engelske ordet, men dei kan skrivast med norsk skrivemåte. For eksempel kan me skriva **å skåra** eller **å scora**, **å hedda** eller **å heada**, **ei hedding** eller **ei heading**.

Nokre vanlege fotballord finst berre på engelsk, og slik kjem det nok til å vera også i framtida: **back**, **hands** og **offside**. Eller kanskje me kunne skriva **bækk**, **hens** og **åffsaid**?

Nokre fotballjournalistar er flinke til å bruka norske ord når dei kommenterer fotball, og det gjer det enklare for oss alle å halda på eit norsk fotballspråk.

Hjørnespark frå Målfrid